

Lokal retningsline for tilskot til private barnehagar i Alver kommune

Heimel:

Tildeling av tilskott til private barnehagar skjer i samsvar med gjeldande Lov om barnehage og tilhøyrande forskrift.

Forvaltning av tilskotsordninga er heimla i [Lov om barnehage § 19 «Kommunalt tilskudd til godkjente private barnehager»](#), jf. § 14 om godkjenning og [«Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager»](#)

Formål:

Formålet med lokal retningsline er å skildre kommunen sin praksis i handteringa av tilskot til private barnehagar.

Gjeld for:

Alver kommune
Barnehagane i Alver

Innhald:

Teljetidspunkt

Kommunen legg følgjande teljetidspunkt til grunn for berekning og utbetaling av tilskot:

1. mars
1. september
15. desember

15. desember er obligatorisk teljedato i samband med BASIL-rapportering. Dei andre datoane er fastsett av kommunen lokalt.

Barn som i perioden 1. september til 30. november fyller eitt år har rett til barnehageplass. Det blir gjeve tilskot til barnehagen for desse barna det året dei byrjer i barnehagen. Barnehagen må registrere faktisk oppstartsdato i barnehageadministrativt system for barn som skal byrje i barnehagen i denne perioden. Dette må vere registrert til teljetidspunkt 1. september.

~~Oppstartsdato kan ikkje setjast til 1. august om dette ikkje er reelt. Barnehagen får tilskotet frå den datoen barnet reelt byrjar i barnehagen.~~ **Barnehagen vil få tilskot frå 1. september uavhengig av reell oppstartsdato.**

Rapportering

Barn og opphaldstid registrert i barnehageadministrativt system danner grunnlag for utbetaling av tilskot.

Den einskilde barnehage v/eigar er ansvarleg for at opplysningane i barnehageadministrativt system til ei kvar tid er riktig.

Viss barnehagen har registrert uriktige opplysningar, og dette har medført at barnehagen har fått for mykje i tilskot vil overskytande tilskot bli krevd betalt tilbake. Har barnehagen registrert uriktige opplysningar og dette har medført at barnehagen har fått for lite i tilskot vil det manglande tilskotet som hovudregel ikkje bli betal tilbake.

Ved byte av barnehage

Det er barnehagen der barnet nyttar plassen på teljetidspunktet som mottar tilskotet

Utbetaling

Ved kvart teljetidspunkt blir det, ved endring i barnetal, fatta nytt vedtak om tilskot.

Utbetaling skjer forskotsvis inntil nytt vedtak om tilskot er fatta.

Når vedtak er fatta skjer utbetaling første verkedag i månaden.

Kjelder:

[Veiledning av beregning av filskudd til private barnehager - KS](#)